

Til Nasjonalt kontaktpunkt angående klage på DNO 18.11.16

Industri Energi og Yemen DNO Union meiner at DNO har brote retningslinjene i *V. Syssetting og forholdet mellom partene i arbeidslivet*.

- 1a. Det tok lang tid før DNO respekterte retten arbeidstakarane i fleirnasjonale selskap har til å opprette eller slutte seg til fagforeiningar og representative organisasjonar etter eige val.
- 1b. DNO ikkje har respektert retten arbeidstakarane i fleirnasjonale selskap har til kollektive forhandlingar med sikte på å inngå avtalar om arbeidsvilkår.

Men hovudårsaka til at me nå klagar DNO inn for det nasjonale kontaktpunktet er brot med desse retningslinjene

6. dersom det vurderes å foreta endringer i virksomheten som kan få store konsekvenser for syssettingen, særlig ved nedlegging av enheter som innebærer massepermutteringer eller masseoppsigelser, gi varsel i rimelig tid om slike endringer til arbeidstakernes representanter og deres organisasjoner, eventuelt også til relevante statlige myndigheter, og samarbeide med arbeidstakernes representanter og ansvarlige statlige myndigheter for å begrense de negative følgene så langt det lar seg gjøre. På bakgrunn av de særlige forholdene i hver enkelt sak bør ledelsen gi varsel før det treffes endelig beslutning. Andre framgangsmåter kan også benyttes for å få til et meningsfylt samarbeid med sikte på å begrense følgene av slike beslutninger.

8. legg forholdene til rette for at arbeidstakernes representanter kan forhandle om tariffavtaler eller spørsmål som gjelder forholdet mellom ansatte og ledelsen, og tillate at partene drøfter saker av felles interesse med representanter for ledelsen som har myndighet til å treffe avgjørelser i disse sakene.

Me meiner at DNO ikkje har følgd desse retningslinjene i Jemen. Arbeidarane i Jemen vart i 2015 sagt opp via sms og epost, og representantane for fagforeininga fekk ikkje høve til å diskutere masseoppseiinga og nedlegginga av drifta med representantar for leiinga. Fagforeininga demonstrerte våren/sommaren 2015 utanfor kontoret til DNO i Sanaa med krav om å få ein dialog med leiinga. I følge domen Primary Labour Arbitration Committee (arbeidsretten) har DNO heller ikkje diskutert nedlegging av drifta med regjeringa eller Oljedepartementet.

Ved å seie opp 193 arbeidarar på denne måten har DNO også brote plikta til å overhalde nasjonale lover og fastlagt politikk i landa dei driv verksemd (I. Begreper og prinsipper, avsnitt 2. II Overordnede retningslinjer).

I følge domen i arbeidsretten har DNO handla mot arbeidslova som definerer korleis eit selskap kan seie opp arbeidsavtalar. Domen slår også fast at DNO skal betale 75% løn frå den dagen arbeidarane vart sagt opp, då dei ikkje hadde rett til å seie opp desse arbeidarane, men DNO prøver å unngå å følge denne lova. Vidare meiner me at DNO ikkje bidreg til økonomisk og sosial berekraftig utvikling ved å halda tilbake løn.

Me er uroa over at DNO har anka denne saka fordi me trur selskapet spekulerer i å trenere utbetalinga av løn. Det er ein fare for at arbeidarane ikkje kjem til å kunne klare å stå på krava sine pga borgarkrig og elendige tilhøve for sivile i Jemen. Det kan også vert vanskeleg for styresmaktene å krevje noko frå DNO pga situasjonen i landet. Med andre ord kan det sjå ut som om DNO kan komme seg av kroken dersom dei trenerer saka.

